

Fiskeridirektoratet  
[postmottak@fiskeridir.no](mailto:postmottak@fiskeridir.no)

**SAK 12/24**  
**REGULERING AV FISKET ETTER VASSILD**  
**INNSPEL FRÅ PELAGISK FORENING**

Pelagisk Forening konstaterer at det diverre er lite forskning på vassild, og at fiskarar melder at det er sannsynleg at vassildbestanden er vesentleg større enn kva myndigheitene legg til grunn. Pelagisk Forening meiner at det bør forskast vesentleg meir på vassildbestanden.

Det er gledeleg at kvoterådet har gått opp frå i fjor. (Tilrådd kvote 2025 og 2026: 16 732 og 16 640 tonn. Tilrådd kvote 2024: 9 499 tonn.)

Pelagisk Forening ønsker flex på vassild, og/eller innføring av slumpfiskeordning for vassild.

Det blir òg bede om at direktoratet vurderer om eventuelt overfiske ikkje berre skal føra til inndraging, men òg om kvantumet skal trekkast på fartøynivå påføljande år. Dette som ei prøveordning.


Pelagisk Forening har ikkje innvending til at kvotebytteordninga blir vidareført.

Bergen: 11.10.24.

Pelagisk Forening/  
Pelagisk Servicekontor AS



Ask Økland  
Advokat



Mariann Frantsen  
Dagleg leiar